

# ÅRSMØTE GLOPPEN HOTELL, SANDANE

## 20. - 21. MARS 1999

### INNHALDSLISTE

|  |         |
|--|---------|
| Dagsorden årsmøte.....                                   | side 2  |
| Nokre ord frå leiaren.....                               | side 3  |
| Årsmelding frå styret.....                               | side 4  |
| Årsmelding frå Fagleiar Konkurransen.....                | side 9  |
| Årsmelding frå Fagleiar Hund.....                        | side 9  |
| Årsmelding frå Kvinnekontakten.....                      | side 10 |
| Årsmelding frå Mik-instruktøren.....                     | side 12 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Jegerprøve.....          | side 13 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Ettersøkshund.....       | side 14 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle.....               | side 15 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband..... | side 15 |
| Årsmelding frå fylkessekretær.....                       | side 16 |
| Budsjett for 1999.....                                   | side 19 |
| Arbeidsprogram for 1999.....                             | side 20 |

Foto: Gunnstein Husdal, Svein Seljeseth, Torunn Rygg  
**DAGSORDEN ÅRSMØTE**

Laurdag 20. mars kl. 16.00 Oppmøte og innkvartering  
16.30 Opning/ Fagleg del.  
Informasjon frå NJFF - sentralt  
Intensjonsavtalen Statsskog – NJFF  
18.00 Open time  
20.00 Middag, sosialt samvær

Søndag 21. mars kl. 10.00 Årsmøtesaker  
12.00 Kaffipause  
14.00 Lunsj. Heimreise

NJFF vert representert ved Sven Stenbrenden, jaktkonsulent m.m.

## DAGSORDEN ÅRSMØTESAKER

Sak 1 Namneoppdrag  
Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste  
Sak 3 Val av møteleiar og sekretær  
Sak 4 Val av to til å skrive under møteboka  
Sak 5 Årsmeldingar for 1998  
Sak 6 Rekneskap for 1998  
Sak 7 Arbeidsprogram for 1999  
Sak 8 Budsjett for 1999  
Sak 9 Vedtektsendringar  
Sak 10 Innkomne forslag  
Sak 11 Val

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Dette første året som leiar i NJFF - Sogn og Fjordane har eg brukt til å setja meg inn i saker og kva oppgåver det er venta at ein leiar skal ta seg av. Det har vore fint å fortsatt ha Audun med oss, for der er mykje historie som må takast omsyn til.

Vi har store utfordringar i tida framover, ikkje minst på medlemssida. I 1999 vil vi få fylkessekretæren inn i 100 % stilling. Dette er eit av fleire virkemiddel for at vi som organisasjon betre skal ta vare på medlemmane våre. Styrka fylkessekretærstilling har ført til ein kostnadsauke som må dekkast inn gjennom medlemskontingenten. Dette var eit heilt nødvendig tiltak, og vi håpar at medlemmane ser viktigheten av ein ressurssterk organisasjon. Ei prioritert oppgåve for fylkessekretæren er å bistå lokallaga i større saker mot forvaltninga. Eg oppfordrar laga til å bruke denne kanalen. Kanskje det er fleire lokallag som har same problem - og fylkeslaget ved fylkessekretæren kan koordinere eit samarbeid mellom lokallaga.

Det vart gjennomført ei ny selteljing sommaren –98. Det dårlege veret gjorde arbeidet vanskeleg, men likevel viste teljeresultata at auka jaktkvotar er på sin plass. Det er skuffande når forvaltninga ikkje følgjer opp, så her har vi fortsatt ei stor utfordring å ta fatt i!

Aktiviteten i fylkeslaget vil i år bere preg av at vi må auke aktiviteten for å halde på medlemmane. Dei skal ha valuta for pengane, og dette håper vi at kvar og ein medlem vil få i åra framover. Eit av tiltaka for å få dette til er å verte meir synleg på lokalt plan. Ein del av medlemmane lurar vel på kven fylkeslaget er, og ved at vi er meir aktivt ute i felten vil vi avmystifisere dette. I tillegg vil vi få betre kjennskap til kva som rører seg rundt i fylket. Vi håpar at vi kan klare å dekke dei større arrangementa i fylket i år samt nokon til.

Arbeidet med Vestnorsk Villmarksmesse år 2000 er i gang. Denne gongen vert arrangementet eit regionalt samarbeid mellom lokallag i Sogn. Vi hadde særleg positive erfaringar etter samarbeidet i Nordfjord og dette vil vi føre vidare. Vi hadde i året som gjekk eit arrangement der fleire lokallag saman tok løftet saman med fleire andre frivillige organisasjonar. Dette er ein form for arrangement vi har tru på. Eit stort arrangement gir betre effekt enn fleire små. Vi oppfordrar fleire lokallag til å få til slike samarbeid, og vi i fylkeslaget trår gjerne til.

Til sommaren vert det NM i Leirduesti/Jegertrap i Kråkenesmarka. Det er svært positivt at ein får slike store arrangement hit til fylket og vi ynskjer Førde JFL, Leikanger JFL og Askvoll/Holmedal JFF lykke til!

Kristin Halvorsen  
- leiar -

## **NJFF - SOGN OG FJORDANE ÅRSMELDING FOR 1998 FRÅ STYRET**

### **Styret har i 1998 vore samansett slik:**

|                    |               |
|--------------------|---------------|
| Kristin Halvorsen  | Leiar         |
| * Audun Sande      | Nestleiar     |
| * Gunnstein Husdal | Sekretær      |
| Kåre Solheim       | Kasserar      |
| * Arve Myklebust   | Ungdomsleiar  |
| Odd Inge Hagen     | Fagleiar Vilt |
| * Arvid Pedersen   | Fagleiar Fisk |

1. vara \*Odd Reksnes Fagleiar Konkurransse  
2.vara \*Rune Torgersen Fagleiar Hund

Kristin Halvorsen har fungert som kvinnekontakt.

\*Desse er på val.

### **Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval:**

|  |                     |
|--|---------------------|
| Bjarne Huseklepp, Jegerpr./MIK- instruktør | Forbundsstyret      |
| Håkon Huseklepp                            | Sporstfiskarutvalet |

### **Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:**

\*Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Kristin Halvorsen. Odd-Inge Hagen er vara.

\*Styringsgruppa for prosjektet ”Lokal forvaltning og driftsplanlegging av vilt – og fiskeressursar”. Kristin Halvorsen møter som observatør m/tale og forslagsrett.

Odd-Inge Hagen og Arvid Pedersen er kontaktpersonar.

\*Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane. Audun Sande og Arvid Pedersen.

### **Status - gjennomføring av arbeidsprogram for 1998:**

#### **\* Formannskonferanse**

Kommentar: Vart gjennomført 27.-28. nov. på Sunnfjord Hotell. Det møtte representantar frå lokallag, fylkesslag og NJFF sentralt, Havforskningsinstituttet og Fylkesmannen.

Innlegg/Foredragshaldarar: Torger Øritsland, Havforskningsinstituttet i Bergen, Eyvin Sølsnes -Fiskeforvaltar hos Fylkesmannen, Jon Jordanger - Viltforvaltar hos Fylkesmannen Jaktkonsulent Sven Stenbrenden -NJFF, Kristin Halvorsen og Odd-Inge Hagen NJFF - Sogn og Fjordane.

#### **\* Samarbeid med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt- og fiskefondet**

Kommentar: Fagleiar fisk var i møte med fylkesmannen. Viltfondsmidlane vart tildelt utan representantar frå fylkeslaget (“Haste-møte” i september).

#### **\* Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen**

Kommentar: Eit arbeidseminar for leiarane i ettersøksringane i regi av Fylkesmannen har vore planlagt i heile 1998. Fylkesmannen sin viltforvaltar har ikkje hatt tid- men no vert kurset gjennomført i januar 1999.

Fylkessekretær møtte for Audun Sande og Arvid Pedersen i "Lakserådet" i byrjunga av desember -98.

#### **\* Forvaltning av vilt- og fiskeressursar**

Kommentar: -Høyring på fisketider for laks/sjøaure. -Høyring på laksefiske i sjøen i Sogn og Fjordane. -Småviltregistrering; avtale med forskar ved Høgskulen i Sogndal, utsending av skjema for sett/felt småvilt, hjort og event. rådyr. -Brev til DN med tanke på retningslinjer for arbeidet med hjorteutval. -Søknad om oppheving av jaktforbod i verna område. - Selteljing 16. august.

Andre høyringar: -Nytt Tyin Kraftverk, -permanent manøvreringsreglement for Jostedal Kraftverk, -fylkesdelplan for arealbruk, fylkesdelplan for kystsona, -kommunedelplan for Herland og Askvoll, Vindkraftverk på Bremangerfjellet og i Vågsøy, - planarbeid etter naturvernlova i Naustdal-Gjengedal.

#### **\* MIK - kurs**

Kommentar: Gjennomført 28.-29. november på Sunnfjord Hotell, Førde i samarbeid med grunneigarsida v/Brigt Samdal.

Foredragshaldarar:

Hans Fredrik Lauvstad, Førde Ettersøksring. Brigit Samdal, prosjektleiar Driftsplanprosjektet. Vidar Holthe, Norges Skogeigerforbund. Sven Stenbrenden, Norges Jeger - og Fiskerforbund. Jon Jordanger, Fylkesmannen. Tarald Seldal, Høgskulen i Sogn og Fjordane/Zoologisk institutt UiB. Johan Trygve Solheim, Norsk Hjortesenter Svanøy. Vebjørn Veiberg, prosjektleiar Hjorteskadeprojektet

#### **\* Kurs og studieverksemd**

21.-22. mars: Kurs for nye jegerprøveinstruktørar, Førde.

17.-19. april: Ungdomsleiarkurs trinn II, Sandane

17.18. april: Hagleskyting/instruksjon Kråkenesmarka, Førde (12 delt.)

Regionale øvingskveldar m/instruktør, Førde, Eid og Årdal.

Kurs ettersøkshund på Sandane i juni.

Havfisketur 5.-7. juni - avlyst pga. liten påmelding

Havfisketur 22.-23. august (8 delt.)

"Hjort frå skog til bord" 4.-6. sept. (14 delt.)

Småviltjakt i Årdal, 25.-27.sept. (10 delt.)

Fangst/Fellekurs for ungdom - avlyst. (Planlagt nytt kurs i 1999).

#### **\* Medlemsverving og aktivitetstilbod - med spesiell vekt på ungdom og kvinner**

Kommentar: Vart laga brosjyre med program for kvinnesatsinga sesongen -98. Div. kurs og treningskveldar for kvinner.(sjå ovanfor).

17.-19. april: Ungdomsleiarkurs trinn II for fylka: Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord - og Sør-Trøndelag, Sandane.(13 delt.) NJFF - Sogn og Fjordane var medarrangør.

#### **\* Koordinere lokale kurs**

Familie-/Friluftshelg i Hyen 7.-9.august. Mange tilbod og aktivitetar for heile familien - fleire flugefiskekurs.

Er byrja planleggingsarbeidet med Vestnorsk Villmarksmesse år 2000 i Sogndal. Første møte i arrangementskomiteen 03.10.98, møte nr. 2 var 19.11.98. NJFF - Sogn og Fjordane er hovudarrangør. Medarrangørar er: Sogndal JSPFL, Årdal JFF og Lærdal JFL.

**\* Treningsområde for fuglehundar**

Kommentar: Har avtale med NML-klubb om trening på Gaularfjellet.

Fylkessekretæren er den som har halde kontakt med Norsk Múnsterlanderklubb v/Henning Skjalg Fureli.

**\* Medlemsavis 2 g. årleg**

Kommentar: To medlemsaviser i 1998:

April: 4000 i opplag - September: 3000 i opplag.

**\* Kartlegge foreiningsstrukturen i fylket**

Sjå på situasjonen i ytre Nordfjord

Har hatt fleire samtaler med leiaren i Selje JFF og leiaren i Bryggja JFL.

Sende ut spørsmål-skjema til dei lokallaga med under 40 medlemmer.

**\* Meir kontakt med lokallaga**

Kommentar: Hatt telefonkontakt med lokallaga minst 3-4 gangar i året, (nokre fleire, andre færre) Fylkess.: - Årsmøte i Lærdal JFL 19.febr. Oppmøte på Jegerprøvekurs i Stryn 3.mars. -Oppmøte på "Tuva" N.Eid hagleskyting 25. april.

Leiar/kvinnekontakt: Oppmøte Årdal, hagleskyting 9.mai og småviltjakt 25.-27.sept.

Hagleskyting i Førde. Fleire møter i Hyen i forbindelse med planlegging av Familie-/Friluftshelga.

**\* Småviltregistrering**

Tarald Seldal, forskar ved Høgskulen i Sogndal, vil i første omgang hjelpe til med eit prøveprosjekt. Det er sendt ut "sett /felt -skjema" til lokallaga. Arbeidet er godt i gang.

**\* Oversikt over jakt- og fiskevald.**

Kommentar: Tanken var å få ut eit lite hefte med jaktvald til august. Dette vart ikkje gjort. Både jakt - og fiskevalda vart på nytt trykt i medlemsavisa i aug./sept. Kan få desse ut på internett også!

**\*Internett**

Har hatt ein avtale med Einar Trulsen om bruk av hans heimesider. Litt forskjellig informasjon er lagt inn på hans sider.( Adr.: [htt://members.xoom.com/E-Trulssen/SF-LAG.htm](http://members.xoom.com/E-Trulssen/SF-LAG.htm)) NJFF kom også ut på nettet i oktober. Planen er at fylkeslaga snart skal leggest ut også og herunder lokallaga.

**\*Brosjyre kvinnesatsing**

Kvinnekontakten var ansvarleg for brosjyra. Vart ferdig til 28.mars.

**\*Lotteri**

Trykt 14.juli og utsendt straks etterpå. Frist tilbakesending av loddbøker var 4. september, trekking 25.september. Alle lotteripremiar er utsendt, trekningslister er utsendt, evaluert og førebels rekneskap er ferdig.

-----

**Styremøte:**

Styret har halde 6 styremøte og handsama 59 saker.

**Informasjon frå styret:**

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF.

**Fylkessekretær:**

Torunn Rygg avslutta sitt vikariat som fylkessekretær 20.juni 1998. Reidun Solberg Seim gjekk ut i ny permisjon frå 1.november. Torunn Rygg er tilbake i stillinga fram til 31. mars.

**Representasjon:**

Leiaren i NJFF – Sogn og Fjordane har representert fylkeslaget ved følgjande arrangement:  
30.01 - 01.02 ”Lokal vilt- og fiskeforvaltning og organisasjonssaker”, Asker  
06.03 – 07.03 Referansegruppa for Norsk Hjortesenter, Svanøy  
05.06 - 07.06 Formannskonferanse, representantskapsmøte NJFF, Harstad  
07.08 – 09.08 Familie-og friluftshelga i Hyen  
27.11. 98 Observatør i styringsgruppa for Driftsplanarbeidet i Sogn og Fjordane, Førde  
27.11 – 29.11 Formannskonferanse, Lokal jakt og fiskeforvaltning (MIK), Førde

**Media:**

Leiaren har vore med på følgjande:

01.04.98 NRK–Sogn og Fjordane: Intervju av den nye leiaren i NJFF – Sogn og Fjordane.  
Nr. 3 -98 ”Fjord og Kyst” (Inform.blad for Fylkesbåtane) Profilintervju.  
09.05.98 Profilintervju i avisa Firda.

**Medlemsutvikling: (Medlemer Totalt = bet. + ikkje bet.)**

| <b><u>Namn på laget:</u></b> | <b><u>1.1.96</u></b> | <b><u>22.1.97</u></b> | <b><u>14.1.98</u></b> | <b><u>6.1.99</u></b> |
|------------------------------|----------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------|
| Askvoll og Holmedal JFF      | 57                   | 61                    | 56                    | 57                   |

|                          |             |             |             |             |
|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Aurland JFL              | 194         | 192         | 201         | 203         |
| Balestrand JFF           | 23          | 31          | 29          | 27          |
| Bryggja og Omegn JFF     | 14          | 15          | 15          | 16          |
| Eid JF                   | 162         | 167         | 181         | 224         |
| Fjaler JSPFL             | 21          | 24          | 26          | 27          |
| Flora JFF                | 121         | 135         | 170         | 209         |
| Førde JFL                | 188         | 196         | 206         | 213         |
| Gaular JFL               | 58          | 67          | 76          | 80          |
| Gloppen JFL              | 121         | 123         | 129         | 151         |
| Gulen JSPFL              | 39          | 40          | 38          | 38          |
| Hyen JFF                 | 46          | 46          | 45          | 54          |
| Hyllestad JFL            | 45          | 49          | 51          | 62          |
| Høyanger JFL             | 171         | 181         | 192         | 188         |
| Jølster JSPFL            | 37          | 37          | 36          | 38          |
| Leikanger JFL            | 83          | 93          | 93          | 96          |
| Luster JFL               | 142         | 158         | 142         | 147         |
| Lærdal JFL               | 106         | 106         | 105         | 117         |
| Naustdal JFL             | 28          | 27          | 29          | 27          |
| Selje JFF                | 8           | 9           | 8           | 7           |
| Sogndal JSPFL            | 161         | 176         | 207         | 225         |
| Solund JFL               | 5           | 5           | 3           | 2           |
| Stryn og Hornindal JSPFL | 50          | 56          | 87          | 150         |
| Svelgen JFF              | 34          | 33          | 33          | 34          |
| Sørgulen JFL             | 14          | 14          | 13          | 11          |
| Vik JFL                  | 74          | 76          | 72          | 69          |
| Årdal JFF                | 471         | 539         | 549         | 581         |
| <b>Medlemmer totalt</b>  | <b>2516</b> | <b>2705</b> | <b>2792</b> | <b>3053</b> |

I tillegg er det pr. 06.01 1999 76 direkte medlemmer til NJFF.  
Medlemstalet viser ein oppgang på 9,3 %.

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR KONKURRANSE

### Jegertrap/leirduesti

Først og fremst vil vi gratulera Geir Vie som vart norgesmeister i dobbeltrap på Løvenskioldbana. I denne greina skyt han for Leikanger JFL.



Aktiviteten rundt om på leirduebanene har i –98 sesongen vore betre enn på lenge. Ein god del nye fjes har det heldigvis vore. Spesielt vil vi gje honnør til Gloppen JFL som har gjort ein sollid innsats for å trekkja både kvinnelege og mannlege skyttarar til skytebana si. Men mange klubbar slit med å få opp aktiviteten og her må kvar einskild klubb gå i seg sjølv.

Luster JFL arrangerte landsdelsmeisterskap i juni med over 70 deltakarar. Her skal klubben ha skryt for eit svært godt arrangement. Kurt Langeteig frå Leikanger vart vinnar. Gunnar Leknes frå Askvoll/Holmedal vart fylkesmeister for andre året på rad. Fylket har siste året vore utan fylkesinstruktør etter at Per Gunnestad frå Luster sa opp. Underteikna trur ikkje det har vore gjort så altfor mykje frå styret si side med å få tak i ny instruktør. Dette bør no snart prioriterast. Det same gjeld instruks for fagleiar konkurranse.

### Jaktskytingane

Det vart arrangert totalt 4 elgbanestemner og 6 jaktfeltstemner i 1998.

Det var terminfesta 12 stemner, men 2 vart avlyste.

Stemna som vart avvikla i 1998 vart arrangert av Førde JFL og Eid JF.

Deltakarantalet hadde totalt sett ein liten auke i forhold til 1997. Den auken hadde Eid JF på jaktfeltskytingane. På elgbaneskytingane var det ein liten ”nedgang”.

Ein av grunnane til auken på jaktfeltskytingane er kravet om treningsskot før ein kan avlegge jaktprøva. Det vart arrangert Fylkesmeisterskap i Elgbane og jaktfeltskyting i henholdsvis Førde og Eid. Eid JF arrangerte også Landsdelsmeisterskap i jaktfeltskyting.

Skyteresultata har jamt over vore gode i 1998 i forhold til 1997.

Med helsing  
Odd Reksnes  
-Fagleiar Konkurranse-

### **ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND**

Det er ikkje motteke årsmelding frå fagleiar hund.

### **ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN**

Brosjyra ”Jenter på kurs, jenter på tur, jenter på jakt og fiske” vart våren 1998 distribuert over heile Sogn og Fjordane, til NJFF sentralt og til andre fylkeslag.

Haglekurs/trening:

Vi hadde ei helgesamling retta mot heile fylket i Kråkenesmarka i april der vi gjekk gjennom våpenkunnskap fredagen og hadde praktisk skyting med instruktørar laurdagen. Det var god interesse for dette kurset med deltaking frå heile fylket med hovudvekt frå ytre delar av fylket. Vi fekk låne våpen frå Våpenloftet etc., slik at vi fekk prøve dei forskjellige variantane. Instruktørar: Geir Vie, Førde JFF, Geir Østby, Drammen JFF. Deltaking: 12 stk

Det vart og forsøkt å dele opp fylket i regionale deler med lokale instruktørar. I Sunnfjord var det bra deltaking. I Årdal i Sogn vart det ikkje som venta, sjølv om Årdal JFF gjorde ein kjempeinsats for å få dette til. På Nordfjordeid starta det bra, men dabba av etter kvart. Her kan ein sjå det i samanheng med at Gloppen JFL hadde eigne arrangement for jentene, som igjen slo positivt ut på våre arrangement bl.a småviltjakt.

### Havfiske

Vi hadde tatt sikte på to turar. Den første som skulle gå i Bulandet i juni måtte avlystast p.g.a dårleg påmelding og usikre véruksikter. Den andre turen i august vart lagt etter véret til Kalvåg med innslag av egning og trekking av line og krabbeteiner i tillegg til fiske med stang. Her var det deltakarar frå Oslo, Sogn og frå kysten.

### ”Hjort frå skog til bord”

Første helga i september vart det arrangert kurs for jenter på Norsk Hjortesenter på Svanøy. Vi vart eit prøvekull som tok for oss alt frå viltforvaltning, driftsplanarbeid, slakting, nedskjæring, partering, urter og sopp som tilbehør og ikkje minst tilberedning av vilt. Eit svært godt kurs som passar både for jegaren og den som står på kjøkkenet å tar imot viltet. Her er og mange gode råd og tips for den erfarne jegar. Det jentene var mest imponert over var desse hyggelege karane på Svanøya som ikkje bare underviste i viltforvaltning, men dei serverte og. Vi hadde med oss Nynorsk Pressekontor som laga reportasje og fekk dekkning i aviser/blad over heile landet. Reportasjen gjekk ut 10. september.

Instruktørar: Johan Trygve Solheim, Vebjørn Veiberg, Anders Espeseth, Erik Lauvås, Tore Myklebust (Norsk Hjortesenter), Susan Stavøstrand (sopp og urter) Øystein Berge (Florø Restaurantdrift).

Deltaking: 13 stk (Sunnfjord/Nordfjord)

### Småviltjakt

Den siste helga i september la vi turen til inste Sogn der Årdal JFF hadde arrangert småviltjakt for oss. Vi lurar fortsatt på kor Sognadamene er blitt av, for her møtte 5 frå Nordfjord og 5 frå Sunnfjord. Vi hadde med oss kjentfolk frå Årdal JFF på jakt og fekk etter jakta kyndig veiledning i flåing/ribbing av rype. Vi hadde med nok ryper til at alle fekk flå og alle fekk smake. Året før hadde vi vore på jakt med hund på Turtagrø og i år var vi på støkkjakt, neste år blir det sjøfugljakt. Det som er positivt å spore er at dei jentene som var med året før som ”rævadilterar” var med i år med våpen.

Instruktør: Anders Hatløy, Årdal JFF

Deltaking: 10 stk

### Familiehelg i Hyen

Vi arrangerte i samarbeid med undomsleiaren og Hyen JFF, familiehelg i Hyen.

Skal ein ta noko lærdom av denne satsinga som har vore gjennomført desse to siste åra må det vere at interessa for jakt og fiske er aukande blant damene. Vi ser effekten av at det har vore satsa på rekruttering av kvinner. Mange nye namn og fjes har kome til i år saman med den faste "gjengen". Vi føler no at lokallaga må ta over og hjelpe oss å ta vare på dei vi har og gje dei eit tilbod så dei blir verande. Eg føler vi har gjort det vi kan på fylkesplan, og vil gje lokallaga utfordringa:

Kva for lokallag klara å få flest jenter aktive i 1999 ?      Premie!

Kvinnekontakten vil fortsatt vere tilgjengeleg på fylkesplan og det vil bli arrangert ein del kurs og samlingar. For dei som er interessert i å få informasjon om kva som skjer er det berre å melde sin interesse slik at vi kan få sende informasjon direkte. Elles vil vi informere om tilboda når vi er ute i "felten".

#### Reiser/deltaking

Sjølv har kvinnekontakten delteke på alle arrangementa i 1998.

#### Pressedekning

Vi har hatt ei brei pressedekning. Vi har p.g.a foldaren ikkje annonsert kursa. Det vart nytta ein del annonsering på NRK radio (S&Fj) om Familiehelga i Hyen. Ellers har vi fått omtale i nær alle nynorskaviser i og utanfor fylket.

Vyrdsamt  
Kristin Halvorsen  
- Kvinnekontakt -

### **ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØR**

Det vart arrangert Mik-kurs på Sunnfjord Hotell 28.-29. november. Målgruppa var medlemmer i lokale JFL, grunneigarar og kommunar. Programmet hadde viltforvaltning som tema. Det deltok nesten 100 personar.

Det var ikkje gjeve støtte frå Fylkesmannen til samlinga i 1998. Det medførte at deltakarane måtte dekke alle sine utgifter sjølve.

Denne årlege samlinga har no fått gode tradisjonar. Når vi ser dei store utfordringane som ligg i driftsplanarbeidet m.a., er det viktig å sikre god skulering av våre lokallag i lag med våre samarbeidspartnarar. Det var eit svært godt samarbeid med grunneigarsida v/Brigt Samdal. Det er ei klår målsetjing å vidareutvikle den gode tonen som er mellom grunneigarsida, FM og NJFF – Sogn og Fjordane.

I 1998 vart vi også samde om at seminaret i 1999 handlar om fisk og i år 2000 vert det viltforvaltning som er i fokus.

Sunnfjord Hotell er alt tinga for begge åra.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil også vere medarrangør.

#### Arbeidsprogram for Mik-instruktør 1999

1. Søke om midlar frå aktuelle stønadsgjevarar.
2. Sende ut eit førebels fellesbrev til aktuelle deltakarar om samlinga i 1999.
3. Finne ei høveleg arbeidsfordeling mellom medarrangørane.
4. Utarbeide eit brukarretta program.
5. Skaffe foredragshaldarar.
6. Gjennomføre seminaret.

#### Budsjett for Mik-instruktør 1999

Kurset må vere sjølvfinansierande, men Mik-instruktøren har alt søkt om kr. 5.000,- frå NJFF. Desse får vi. I tillegg har eg søkt om kr. 25.000,- frå FM til deling med grunneigarsida for å dekke fellesutgifter.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
-Mik-instruktør-

## **ÅRSMELDING FRÅ JEGERPRØVE-INSTRUKTØR**

Eg arrangerte kurs for nye instruktøtar 21. – 22. mars i Førde. Pr. dato er det 61 jegerprøveinstruktørar i Sogn og Fjordane. I 1998 vart det godkjende instruktørar også i Høyanger kommune.

Dessverre manglar det instruktørar i desse kommunane: Hornindal, Leikanger, Naustdal og Selje. Her har lokallaga ein jobb å gjere!

Kommune Balestrand, Fjaler, Jølster, Solund og Årdal har berre ein instruktør. Målet må vere minst 2 instruktørar pr. kommune.

Sogn og Fjordane har utmerka seg med at det er lite å utsetje på dei lokale kurs som har vore arrangerte. Den mest vanlege feilen i samband med dei obligatorisk-praktiske kursa er avvik frå kravet om 4 dagar à 4 timar. Dette er ikkje lov. Både fagleg og tidsmessig skal kursa følge instruktørpermen og vedteke regelverk. Avvik frå dette kan medføre at kurset ikkje vert godkjent.

Til slutt vil eg takke alle instruktørane for velgjort arbeid i 1998. På fylkesinstruktørsamlinga i desember gav DN ros til NJFF for jobben som vert gjort i samband med jegerprøva/instruktør-utdanninga. Mi oppgåve er å bære denne heideren vidare til ”fotfolket”.

#### Arbeidsprogram og budsjett for jegerprøve-instruktøren 1999.

Det vert kurs for nye instruktørar 10. – 11. mars på Sunnfjord Hotell. Dette vert siste kurset for nye jegerprøve-instruktørar. Frå år 2000 vert det oppdateringskurs for eksisterande instruktørkorps. Regelverket krev at instruktørane skal oppdaterast kvart 5 år.

#### Økonomiske konsekvensar:

Jegerprøveutdanninga skal vere sjølvfinansierende. Jegerprøve-instruktøren må disponere ein sum på kr. 4.500,- for 1999. Dette er pengar som vert overførte frå NJFF til NJFF – Sogn og Fjordane etter dokumentasjon av utgifter.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
-Jeg.prøve-instruktør-

## **ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND**

### Godkjenningsprøver- arrangør NJFF – Sogn og Fjordane

Blodsporprøver frå 16.06 til 27.08.98

Fersksporprøver frå 03.07 til 28.08.98

Det var deltakande hundar frå Førde, Askvoll, Høyanger, Florø, Leikanger og Solund.  
8 hundar på blodspor og 10 hundar på ferskspor.

Det har vore lite hundar til trening i 1998.

Kurs: Det vart ikkje arrangert kurs i 1998. Nokre få var interessert i vidaregåande kurs (tidlegare fase 3). Eg bad om skriftleg påmelding, men då var det ingen reaksjon tilbake.

#### Arbeidsprogram for 1999:

Har fått bekreftelse frå NKK om terminfesta prøver, arrangør NJFF – Sogn og Fjordane.

Blodsporprøve frå 01.04 til 30.04.99

Blodsporprøve frå 15.07 til 05.09.99

Fersksporprøve frå 01.04 til 30.04.99

Fersksporprøve frå 15.07 til 05.09.99

For blodsporprøvene er det premiering, med ein ekstrapremie til alle som får 1. plass.

I fersksporprøvene vert alle reinrasa hundar poengberekna. Dei som får 9 eller 10 poeng får ein ekstrapremie. Kontaktperson for prøvene er fylkesinstruktøren.

Det vert eit ettersøkskurs for vidaregåande den 8. - 9. mai –99 på Sande Kro i Gaular. Er det andre som er interesserte så ta kontakt med fylkesinstruktøren (tlf. 57 82 19 32). Arrangør er NJFF- Sogn og Fjordane.

Den 16. januar –99 vart det danna eit Sogn og Fjordane Ettersøksråd. Dette er eit år seinare enn eg hadde tenkt meg, men no er vi endeleg i gang. I rådet er det 2 representantar frå Sogn, 2 frå Sunnfjord og 2 frå Nordfjord. Fylkesinstruktøren for ettersøkshund og fylkessekretæren i NJFF – Sogn og Fjordane er også med i rådet.

Stønad til kurs: Det er vert tilskot kun til Sogn og Fjordane Ettersøksråd. Andre kurs vert til sjølvkost.

Med helsing  
Alf Bruland  
-Fylkesinstr. ettersøkshund-

## **ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE**

Ingen stor aktivitet i 1998. Det var ingen som meldte si interesse for å halde kurs. Har vore med lokalt på Eid med instruksjon før jakta.

I april –98 var det samling for instruktørar i Stjørdal der eg som fylkesinstruktør rifle deltok. Det var ei fin samling med oppfølging av tidlegare opplæring! Dessutan har eg endeleg fått instruktørpermen som har vore etterspurt i fleire år!

Samla sett står vi no betre rusta enn nokon gong til å halde kurs for dei som er interesserte. Med det store talet jegerar her i fylket skulle ein tru at både behovet og interessa for rettleiing og hjelp er til stades.

Arbeidet i 1998: Vi tek sikte på å arrangere regionale kurs, så dersom nokon er interesserte bør dei gje beskjed snarast!

Med helsing  
Arne Olav Bjørlo  
-Fylkesinstr. rifle-

### **ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR EL.DRESSURHALSBAND**

I 1998 har det vore arrangert eit brukarkurs. Det vart arrangert på Sandane den 28. juni. Det var 3 deltakarar frå Gloppen Jeger og Fiskarlag.

Den teoretiske delen vart gjennomgått på føremiddagen, og den praktiske delen på ettermiddagen. Vi hadde ikkje så mange hundar, men alle fekk ”prøve” seg.

Opplegget var flott tilrettelagt. Sau fekk vi låne hjå ”rett” person.

Dei hadde avtale med ei lokal avis, og dei hadde ein stor reportasje i samband med kurset. All honør til Gloppen Jeger og Fiskarlag.

Det kan ikkje berre vera i Gloppen (5 stk.), Stryn (6 stk.) og Luster (24 stk.) at el. halsband vert brukt i samband med hund/sau. Det er kun dei lokallaga som har sendt inn deltakarskjema. Luster JFL utmerka seg svært positivt. Dei har halde slike kurs 2 gongar kvart år dei siste 6-7 åra. Då vi veit at det i Luster kommune er forholdsvis lite hundar, er det berre å ta av seg hatten for det arbeidet dei gjer.

Kva kan vi gjera for å få ein større aktivitet? Kvar godkjend brukar må først gå i seg sjølv. Er ”eg” den rette til denne viktige jobben i mitt lokallag? Er det nokon som vil repetere bruk av el.halsband, så skal vi stille opp omgåande. Det må jo vera i lokallaget si interesse å få flest mogleg hundar sauereine.

Håpar det kan lata seg gjera å samle ALLE brukarar av el.halsband ein dag i april/mai d.å.

Det er ikkje noko problem å få tak i fylkesinstruktør, berre ring 905 90 848!

**HUSK BANDTVANGEN FRÅ 1. APRIL!!!**

Med helsing  
Bjørn Monsen  
-Fylkesinstr. el. dressurhalsband-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Torunn arbeidde som fylkessekretær fram til 20.juni 1998.

Frå slutten av januar vart det mykje jobbing fram mot årsmøte i mars. I april var fylkeslaget medarrangør for ungdomsleiarkurs trinn II på Sandane. Dessutan vart det jobba med den første medlemsavisa i -98. Frå mai/juni vart det fleire turar til Hyen for å planlegge Familie-/Friluftshelg.

### Deltok på følgjande aktivitetar 01.01.98 til 20.06.98:

- 30. januar Fylkessekretærsamling, -Asker
- 30.01 - 01.02 Kurs i lokal vilt-og fiskeforvaltning, -Asker
- 10. februar Årsmøte i FRIFO, -Førde
- 19. februar Årsmøte i Lærdal JFL
- 3. mars Oppmøte på jegerprøvekurs i Stryn, skreiv artikkel til medlemsavisa.
- 28. - 29.mars Årsmøte i SFJFF, Sogndal
- 17. - 19.april Ungdomsleiarkurs trinn II, -Sandane
- 25. april Oppmøte på "Tua"- Nordfjordeid, hagueskyting  
Deltok på 3 styremøter.  
Div. møter i Hyen i forbindelse med Fam.-/Friluftshelg.

-----

Reidun byrja å arbeide etter permisjonen 9.juni og arbeidde fram til 1.november. Ho jobba mykje med friluftshelga i Hyen, (møter, annonsering, informasjonsavisa m.m.). Loddbooker til fylkeslotteriet vart sendt ut i midten av juli. Dessutan var det ein god del arbeid med å forberede selteljinga 16. august. I byrjinga av september kom medlemsavis nr. 2 -98 ut. Det vart også planlagt eit fangst/fellekurs for ungdom, men dette vart avlyst.

- 5. - 7. juni Fylkessekretærsamling i Harstad
- 4. - 6. sept. Deltok på "Hjort frå skog til bord" - parteringskurs på Svanøy
- 17. - 20. sept. FRIFO barneleiarkurs  
Deltok på 2 styremøter og møte i arrangementskomiteen for Vestnorsk Villmarksmesse.

-----

Torunn var på plass att frå 1. nov.:

- 19. nov. Møte i arrangement-komiteen for Vestnorsk Villmarksmesse, Sogndal
- 27.-29. nov. Formannskonferanse og kurs i lokal jakt og fiskeforvaltning  
Sunnfjord Hotell. (+ styremøte)
- 8. des. Møte i "Samarbeidsrådet for laks og sjøaure", Skei

Arbeidsoppgåvene for 1999 vert stort sett bestemt av arbeidsprogrammet. Det vert stadig viktigare å vere synleg ute i lokalforeiningane og der det er større arrangement.



Med helsing  
Torunn Rygg  
-Fylkessekretær-

**Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.98**

|                    |                                 |              |
|--------------------|---------------------------------|--------------|
| 1 datamaskin (PC)  | CARAT I 486 DX 50               | 1995         |
| 1 telefaks         | BROTHER FAX -470                | 1995         |
| 1 modem            | FAKSMODEM 5888000 BPS           | 1995         |
| 2 kopimaskiner     | LANIER 6112 COPIER              | 1990         |
|                    | LANIER 6813 COPIER              | 1997         |
| 1 skrivar          | HEWLETT PACKARD<br>DESKJET -500 | 1986         |
| 1 skrivemaskin     | FACIT 7810                      | eldre modell |
| 1 trådlaus telefon | ZODIAC DIGIPHONE 10             | 1997         |

Fylkeslaget eig også i ”skilleveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn.

